



Hordaland fylkeskommune Eigedomsavdelinga
Guro Klyve og Lyder Konrad Leithaug
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1637 - 19/18516

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

14.06.2019

Løyve til mellombels dispensasjon for plassering av toalettvoغن - gbnr 10/37 Rødland

Administrativt vedtak. Saknr: 347/19

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3, og plan- og bygningslova (pbl) § 19-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om plassering av toalettvoغن med bygd areal (BYA) ca. 8,3 m². Varighet for tiltaket er inntil 2 år, og tiltaket skal vere ein fasilitet for bussjåførar.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot offentleg veg og arealføremålet LNF-spreidd.

Det vert elles vist til søknad motteken 31.05.2019 og supplert 12.06.2019.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-spreidd.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggjegrense mot fylkesveg 394 og arealføremålet LNF-spreidd i kommuneplanen sin arealdel.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



2: Redegjørelse for tiltaket:

1. bygget står på hjul, vedlegg E – 1 viser planteikning og plassering vises på vedlegg situasjonskart D – 1.
2. Vognene fra Arnpro har godkjenning og sertifisering som er ok til formålet.

«Spredt boligbebyggelse» er formålet i arealdel til kommuneplanen.

Vi er takksam for rask sakshandsaming då vi gjerne vil betre arbeidstilhøva for bussjåførane i Nordhordland.

Uttale frå anna styresmakt

Statens vegvesen har i skriv datert 11.06.2019 gjeve dispensasjon i frå byggjegrænse mot fylkesveg 394. Vi gjer merksam på at byggjegrænse mot denne vegen forvalta av kommunen jf. Kommuneplana sin føresegn 1.6, men vi tar vedtak med som uttale til søknaden:

Det vert søkt om plassering av toalettvogna i ein avstand på 13 meter til senterlinja på fylkesveg 394. Søknaden gjeld for inntil 2 år. Ved eventuell forlenging må det søkjast på nytt. Eigedom gnr. 10, bnr. 37 er privat eigedom og det må innhenta løyve frå grunneigar for plassering av toalettvogn på eigedom.

Statens vegvesen har vurdert søknaden og finn at det ikkje vil føre til vesentleg ulempe for drift og vedlikehald av fylkesvegen om dispensasjonen vert gjeven slik det er søkt om.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 394 for å plassere toalettvogn på gnr. 10 bnr. 37 i Lindås kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 02.05.2019.
2. Avstanden frå toalettvogna (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 394 skal vere minst 13 meter.
3. Toalettvogna må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesveg 394.
5. Dispensasjonen er gjeven for inntil 2 år frå dags dato. Om det er trong for forlenging av tiltaket må det søkjast om dispensasjon frå byggegrensa på nytt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 31.05.2019.

På situasjonskart går det fram at tiltaket skal plasserast 1 meter i frå eksisterande garasje og 1 meter i frå nabogrense. Det ligg føre skriftleg samtykke om plassering 1 meter i frå nabogrense. Vidare går det fram av kart at avstand frå bygg til vegkant er 13 meter. I uttale i frå Statens vegvesen pkt. 2 er det sett krav til 13 meter i frå midtveg.

Tiltaket er mobilt slik at det kan justerast dersom ein ser det som naudsynt, utover dette har kommunen inga merknader til plasseringa.

Vatn og avløp (VA)

Det er ikkje søkt om utslepp av avlaupshandtering eller tilkopling til vatn. Vi legg til grunn at avlaup vert handtert med tømning med tømmebil på staden og vasstank.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Det er ikkje søkt om endringar av desse forholda. Arealet nyttast i dag som snuareal for bussar og det er ei garasje for anna føremål på eigedomen. Ein kan ikkje sjå at tiltaket er til hinder for eksisterande bruk.

Terrenghandsaming

Det er ikkje søkt om endringar av terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Føremål LNF-spreidd:

Føremålet LNF-spreidd opnar opp for andre tiltak enn det som ligg i primærnæringa LNF-område. Det som ligg i underføremålet er spreidd bustadbygging der området framleis skal ha nokon av de same kvalitetane som ein finn i reine LNF-område, og den overhengande karakteren skal vere open og ikkje tettbygd.

Tiltaket er ikkje i samsvar med dette føremålet, og det er søkt om dispensasjon.

I vår vurdering har vi lagt vekt på at varighet på tiltaket er tidsavgrensa, og at det er ei flyttbar modul der det ikkje er naudsynt med terrenginngrep. Det er positivt at ein har funnet ei løysing som betrar arbeidsforholda til bussjåførar utan at ein forringar areal sett av til LNF-spreidd.

Byggjegrænse mot veg:

Statens vegvesen har i sitt skriv sett vilkår, og desse vert satt som vilkår i dette vedtaket. Vi vurderer uttale i frå statens vegvesen som tilstrekkeleg og har ikkje merknader utover dette.

På bakgrunn av dette er vurderinga at plassering av toalettvoغن ikkje vil setja omsyna bak kommuneplanen til side, og at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-3 vert det gjeve mellombels dispensasjon inntil 2 år frå LNF-spreidd og byggjegrænse mot veg i kommuneplanen sin føresegn 1.6 for plassering av toalettvoغن.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av mobilt toalettfasilitet på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 31.05.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Vilkår i skriv frå statens vegvesen den 11.06.2019 med referanse 19/134453-2 skal vere oppfylt**
- 3. Dispensasjon gjeld for inntil 2 år jf. Plan- og bygningslova § 19-3.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1637

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens vegvesen region Vest
Leikanger Kontorsted

postboks 43

6861

LEIKANGER

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune
Eigedomsavdelinga

Postboks 7900 5020

BERGEN